



Arkivnr: 2016/11221-34

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 06/2018 i møte 06.03.2018:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

- 1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.*
- 2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.*
- 3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som Sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.*
- 4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsjefen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.*
- 5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.*
- 6. Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane*
- 7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 04.06.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.*
2. *På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 29.10.2018. I tilbakemeldinga må det også leggest ved dokumentasjon på dei tiltaka som er ferdig gjennomført.*

Drøfting:

Statusrapport dagsett 26.10.2018 i tråd med punkt 2 i vedtak over er motteke og ligg ved.

Sekretariatet har merka seg at fylkesrådmannen er kome langt i forbetningsarbeidet i samband med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og at punkt 3 og 4 i vedtaket frå fylkestinget er ferdig gjennomført. Det går likevel fram av tilbakemeldinga at ein del av forbetningsarbeidet ikkje vil vera ferdig før første halvår i 2019. Vi kan heller ikkje sjå at det går fram av tilbakemeldinga konkret svar på punkt 5 i vedtaket frå fylkestinget. Vidare har sekretariatet merka seg at oppfølging av punkt 6 i vedtaket vil verta gjort i samband med budsjett 2020 for Vestland fylkeskommune.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 innan 27.05.2019.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er gjennomført i samband med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.
2. På bakgrunn av tilbakemeldinga ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 innan 27.05.2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Svar til kontrollutvalet – forvaltningsrevisjon planlegging investeringsprosjekt – oppfølging av handlingsplan
- 2 Rammeavtale frå 1.8.2018
- 3 Saksframlegg prosjektrekneskap juni 2018
- 4 Vedtak prosjektrekneskap FT 37/18